
Saksnr: 2020/76637-2
Saksbehandlar Stig Arne Vestøl Aasland
Dato: 13.11.2020

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status fagbrev på jobb

Hovudutval for opplæring og kompetanse gjorde i sak 56/2020 følgjande vedtak:

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse er positiv til ordninga med fagbrev på jobb. «Fagbrev på jobb» er eit viktig verkemiddel i den regionale kompetansopolitikken for å sikre regionalt arbeidsliv betre tilgang på kompetent, kvalifisert og relevant arbeidskraft. Ordninga er òg viktig i integreringsarbeidet i Vestland.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om ei ny sak som svarer ut vedtaket i Fylkesutvalet 26.03.2020 om drøfting med partane i arbeidslivet. Konsekvensen av å auke tilbodet med « Fagbrev på jobb innanfor dei gjeldande budsjetttrammene må synleggjerast og ulike alternativ må drøftast.
3. I 2020 har Vestland fylkeskommune sett av monalege midlar til ordninga «Fagbrev på Jobb»: først 10MNOK innanfor ramma i PS 45/20 (fylkesutvalet 23.03.2020) og mellom 10 og 15MNOK i PS 88/20 (fylkesutvalet 28.05.2020). Statsbudsjettet legg også opp til ei ekstraordinær løyving på 4-5MNOK til ordninga i 2021. På tross av dette er Fagbrev på jobb omtalt som ei av årsakene til meirforbruket og salderingsbehovet i sektoren i 2020, jf. HU OPPKO Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber fylkesrådmannen gjere greie for totalforbruket og dei totale løyvingane knytt til «Fagbrev i jobb» i budsjettet for 2020 i eige notat til møtet i fylkesutvalet 26.11.2020. Dette inkluderer kostnader for løpande kontraktar inngått i 2019 og tidligare, samt forventa kostnader for allereie inngåtte kontraktar i 2021 og 2022.

Fylkesrådmannen legg med dette fram notat til fylkesutvalet i samsvar med vedtaket.

Status inngåtte kontraktar for ordninga

Pr. 10.11.2020 er det registrert 145 godkjente kontraktar innan ordninga «Fagbrev på jobb». I tillegg er det om lag 65 kontaktar under behandling. Om lag 40 kontraktar vart starta og avslutta i 2019.

Av dei 145 godkjente kontraktane er det flest innan helse- og oppvekst og bygg- og anlegg:

Utdanningsprogram	Kandidatar
BA	44
EL	4
HO	75
NA	3
RM	2
SS	6
TP	11
Totalsum	145

Her er ei oversikt over kva tid kontraktane vart inngått, fordelt på år og kvartal (kursiv):

Kontraktstart	Tal kontraktar
2019	60
<i>Kv1</i>	<i>1</i>
<i>Kv2</i>	<i>9</i>
<i>Kv3</i>	<i>27</i>
<i>Kv4</i>	<i>23</i>
2020	85
<i>Kv1</i>	<i>84</i>
<i>Kv4</i>	<i>1</i>
Totalsum	145

Dei ulike kontraktane har ulik lengde. Fleirtalet av kontraktane går ut 2021, medan i underkant av 20 kontraktar strekker seg ut til 2022.

Drøfting med partane i arbeidslivet

Fagbrev på jobb (PS sak 4/2020) vart drøfta i yrkesopplæringsnemnda 10.3.2020 med partane i arbeidslivet, der det vart gjort følgjande innstilling:

«Yrkesopplæringsnemnda vil sterkt rå til at tilbodet med «Fagbrev på jobb» vert vidareført. Tilbodet støttar sterkt opp om arbeidslivets behov. Yrkesopplæringsnemnda ber om at det vert teke initiativ overfor dei politiske organ / departementet og andre nødvendige sentrale aktørar med intensjon om å sikre vidare økonomisk grunnlag. Inntil den økonomiske situasjonen er avklart, må Vestland Fylkeskommune undersøke alle moglegeheitane for å finansiere ordninga også i 2020 og vidare. Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte også ordninga «Fagbrev på jobb»».

Sak 56/2020 til hovudutval for opplæring og kompetanse vart lagt fram for yrkesopplæringsnemnda 29.10.20 (PS sak 18/2020). Yrkesopplæringsnemnda slutta seg til tilrådinga frå fylkesrådmannen.

For vidare oppfølging av punkt 2 i vedtaket i hovudutvalet vil fylkesrådmannen arbeide saman med partane i arbeidslivet for å finne gode løysingar innanfor dei økonomiske rammene.

Status økonomi

Ordninga fagbrev på jobb starta i 2018. I perioden fram til første kvartal 2020 hadde fylkeskommunen forplikta seg til å gjennomføre kontraktar som løyser ut tilskot frå fylkeskommunen på om lag 10 mill. kr i 2020. Det var ikkje teke høgde for ein slik auke i budsjettet for 2020 og dette gjev seg difor utslag i eit tilsvarande meirforbruk på tilskot til lærebedrifter. I 2021 er det budsjettet med om lag 5 mill. kr for «Fagbrev på jobb» knytt til kontraktar som var inngått før mars 2020.

Fylkesrådmannen har hatt ein grundig gjennomgang av kostnadsfordelinga knytt til inngåtte kontraktar. Tabellen under syner oversikt over midlar til disposisjon og kostnader knytt til inngåtte kontraktar og til kontraktar som er under behandling for perioden 2019-2022:

Midlar til disposisjon	2019	2020	2021	2022
Overføring i rammetilskotet, "krisepakke 2"		10,0		
Kompetanse Norge, fagbrev på jobb*		5,1	5,1	
Budsjettet fagbrev på jobb			5,0	
Fondsmidlar overført frå året før			2,6	2,4
Sum		15,1	12,7	2,4

Forbruk	2019	2020	2021	2022
Inngåtte kontakter (145)	1,4	8,9	3,3	0,7
Starta og avslutta 2019 (40)	2,5			
Under godkjenning (15)		0,8	0,8	
Ubehandla (50)		2,7	2,7	
Nye		0,0	3,5	1,8
totalt	3,9	12,5	10,4	2,5

Rest til fond		2,6	2,4	- 0,1
---------------	--	-----	-----	-------

*midlar som ikkje vert nyttast til føremålet i 2020 kan overførast til 2021

I berekningane er det lagt til grunn at fylkeskommunen i 2020, innanfor dei økonomiske rammene, har rom for å godkjenne søknadane som er under godkjenning og ubehandla. Etter overføring av 2,6 mill. kr av dei statlege midlane frå 2020 til 2021, er det fylkesrådmannen si vurdering at fylkeskommunen vil ha rom for å inngå om lag 50 nye kontraktar i 2021.